Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 — Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Fjell

Emne: Brynet — Bygdelag: Nessjøen

Oppskr. av: Hans O. Nordvik — Gard: Nordvik

(adresse): Nessjøen — G.nr. 4. Br.nr. 4.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.
Det vanlege ord er bryne. Men i Fjell plar me segja: å kvettkja ljåen, öksa, kniven. i staden for ordet: bryna.
Ordet heim er ikkje vanleg for bryne. Han brükast mest til å stryka egja på bitjarnet, rett etter det er slipt, for å få fin egg i höveltenner, knivar og anna. Heinen er mindre enn bryne, glatt og fin.

2. Det er mest bryne av künststein som er i bruk no. Naturleg brynestein fänst ikkje i bygda.
I eldre tid kom bryne frå Telemark.

3. Ja, alle slags bitjarn vert slipt på ein ründ slipestein, og etterpå kvesst med hein. Ljå og sigd vert kvesst med bryne etter slipinga.

847

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4. Kva tid slipesteinen vart innført her i bygda kann ikkje med sikkerheit segjast; men bestefar min hadde slipestein her på garden i 1850. Ein sogning som budde på nabogarden hadde ikkje slipestein. Han kom til bestefar og slipte kvar ny ljå ein gong. Seinare berre kvette han, til ljåen var utsliten.

Ljåna vart slipte i höyslåtten, men för håslåtten byrja var kvar mann hjå tynnsle-smeden og fekk ljåna tynnt. Smeden budde på Ulvesetk, omlag 3 km. nord for Nordvik.
Han hadde særskilt anbolt. til tynning av ljå. slik at ljåen fekk sitt rette skap når den var tynnt; men særskilt namn på anbolten har eg ikkje höyrt.

5. Her har vistnok ikkje vore brukt stille-liggjande slipestein.

Eg minnest ein gamal mann her på Nordvik som brukte „senda" til å kvettja med. Det såg ut som eit stykkje av ein slipestein.

Det har ikkje vore

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 847

brūkt her, å bera slipesteinen med, etter kvart ein slo graset på dei ymse teigar. Han sto alltid heime ved hūsa. 6
Som regel slar ein med ljåen, når han er nyslipt; frå òm morgonen og framimot middag, soframt det ikkje er altfor hardbeitt; men so lyt ein kvettja mange gonger. 7.
Bryne av tre trūr eg ikkje har vore brūkt her i bygda; men far min fortel, at han såg ein mann i Salbūvik i Fana herad som brūka bryne av eik. Det var kring 1880.
8. „Stuttorven" vert alltid slipt, ūtan å löysa han frå orvet; men „langorven" vert jamnast löyst frå orvet. I alle höve er eggja vendt mot oss når me slipar.
9. Det vanlege er at ein såt langorven med enden av orvet ned på marka, og vedkomande som kvettje held ljåen framfor seg med vinstre handa, og kvettje med högre. Ljåen kjem soleis i högde med armen til mannen.

847

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Stuttorven held ein omlog
på same måten, med enden
av orvet ned millom livreima
eller bukselinninga.
Er ljåen mykje steinhogd
(utskjemd) så hende det
ofte at ein såt seg ned
når ein skal kvettja sers
godt. 10
Her er ho ganske enkelt
kalt kvetebötta, og ho er
helst av tre.
Det er stava som er lagga
på botn, med jarn eller
traband på.
11-12. Har ikkje höyrt
gjete at det har vore
brukt her. 13.
På bryne av natursteim
brukast vatn, men kunst-
stein kvet ein med turr.
Det er berre når det vert
so mykje kveta- på brynet,
at det må vaskast reint
med vatn. 14.
Her kallast det kvata.
15. Har ikkje höyrt at
kvata var brukt her i bygda
som helsebot.
Spursmål 16 — 20
Har ikkje höyrt gjete
noko om det!

847

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING